

Tilsynsrapport

Rapport	
Rapporttittel Tilsyn med integritet og oppfølging av rørleidningar til Mongstad - aktivitet 001000364	Oppgåvenummer 001000364
	Saksnummer 2026/161
Gradering	
☐ Offentleg	☐ Ikkje offentlig
Involverte	
Hovudgruppe A4	Oppgåveleiar [REDACTED]
Deltakarar i revisjonslaget [REDACTED]	Dato 25.06.2026

1 Innleiing

Vi gjennomførte tilsyn med integritet og oppfølging av rørleidningar til Mongstad. Tilsynet vart gjennomført med eit digitalt oppstartsmøte tysdag 26. mai, gjennomgang og verifikasjon på Mongstad torsdag 28. mai og gjennomgang og verifikasjon med Equinor Transportnett Kårstø fredag 29. mai 2026.

2 Bakgrunn

Av Havindustritilsynet (Havtil) sitt tildelingsbrev for 2026 går det fram at det er eit mål at risiko for storulykker i petroleumsverksemda skal reduserast. Havtil skal blant anna spesielt følgje opp risikostyring og å hindre lekkasje for transportrør med mottaks- og returanlegg for rørleidningane.

3 Mål

Målet med tilsynet var å sjå til at Equinor har ei samla tilnærming til oppfølging av integriteten for rørleidningar som går inn til Mongstad. Vi vil og inkludere mottaksdelen til rørleidningane på Mongstad, og vi vil følgje opp at integritetsstyringa for rørleidningane og landdelen på Mongstad er i tråd med krav i selskapet og i forskrifter.

4 Resultat

4.1 Generelt

Tilsynet vart gjennomført med eit digitalt oppstartsmøte tysdag 26. mai, presentasjonar, samtalar og verifikasjonar for landfallsdelen til røyra på Mongstad torsdag 28. mai og presentasjonar, samtalar og verifikasjonar med transportnett Equinor på Kårstø fredag 29. mai.

Følgjande tema var gått gjennom i tilsynet:

- Systematikk for vurdering av risiko, integritet og aldring.
- Overordna vurdering og kartlegging av relevante degraderingar og handtering av desse.
- Oversikt over status på barrierar, risikostyring og integritet generelt på anlegget og spesielt knytt til tema for tilsynet.
- Styring av vedlikehald knytt til tema for tilsynet.
- Oppfølging av at program for vedlikehald inspeksjon og integritetsstyring blir gjennomført etter planane
- Oversikt over relevante hendingar, endringar, avvik
- Erfaringsdeling og læring

Vi har i tilsynet identifisert eitt område med potensial for forbetring knytt til vedlikehald.

5 Observasjonar

Vi har med to hovudkategoriar av observasjonar:

Avvik: Observasjonar der vi *påviser* brot på/manglande oppfylling av regelverket.

Forbetringspunkt: Observasjonar der vi *meiner å sjå* brot på/manglande oppfylling av regelverket, men ikkje har nok opplysningar til å kunne påvise det.

5.1 Avvik

Det vart ikkje påvist nokre avvik i dette tilsynet.

5.2 Forbetringspunkt

5.2.1 Vedlikehald

Forbetringspunkt

Det ser ut til å vere manglar ved oppfølging av utstyr og svekkingar

Grunngjeving:

I tilsynet gjorde vi verifikasjonar av oljerøyra som kjem inn til Mongstad. Vi observerte at røyrdelene mellom ankerblokk og piggesluse for Troll oljerøyr 1 (TOR1), Troll oljerøyr 2 (TOR2), Mongstad gassrøyr (MGR) og Vestprosess var overflatebehandla den seinare tida (2023). Overflatebehandlinga var avslutta med ei form for mekanisk beskyttelse på utsida (Stopaq). Det gjekk ikkje klart fram frå dokumentasjonsgrunnlag om utføringa med Stopaq var i samsvar med vedlikehaldsprogram og dokumentasjon.

Vi observerte og i vedlikehaldssystemet at dei aktuelle røyra låg inne med eit førebyggjande vedlikehaldskonsept med 20 års intervall (240 månader). Det var sist utført i 2023. Vi vart informert om at det var eit etterslep med å oppdatere programmet med innhald og frekvens for ny oppfølging.

Ved gjennomgang av dokumentasjon og gjennom presentasjonar vart vi informert om funn frå inspeksjonar av piggesluse til TOR1. Frå inspeksjon i 2015 vart det observert lokale korrosjonsangrep med tap av røyrvegg (under deposit corrosion). Dette var utbetra med å legge på eit metallag (kjemisk cladding). Ved seinare inspeksjonar er det observert at reparasjonen er degradert. Oppfølginga har vore å gjere hyppigare inspeksjonar. Reparasjonen frå 2015, som seinare er teke att, framstår ikkje som ei permanent utbetring av korrosjonsskaden.

For TOR1 observerer vi og at det er utstyr som ikkje fungerer som tiltenkt eller som av ulike årsaker ikkje blir nytta. Dette gjeld blant anna strømningsmålar, vekttafskapingar og korrosjonsmålarar (ER-prober). Utstyret er framleis ein del av røyrinfrastrukturen.

Krav:

Teknisk og operasjonell forskrift § 58 om vedlikehold

6 Andre kommentarar

Korrosjonsangrepet for piggeslusa til TOR 1 som vart observert ved inspeksjon i 2015 er eksempel på degraderingar som vi vurderer å vere rapporteringspliktig etter styringsforskrifta § 29.

7 Deltakarar frå oss



8 Dokument

Følgjande dokument vart nytta under planlegging og gjennomføring av aktiviteten:

- Relevante organisasjonskart
- Oversikt over relevant styrande dokumentasjon knytt til tema for tilsynet
- Teknisk integritet og barrierar – Oppdatert barrierestatus / TIMP
- Planlagde og gjennomførte verifikasjonar
- Equinor sitt presentasjonsmateriale frå tilsynet, alle dagar
- Oppdragsavtale mellom Transportnett og Mongstad
- Grensesnittskisser (battery limits) TOR1, TOR2, Vestprosess og Johan Sverdrup oljerør
- SO00588 System 138 - Troll Oljerør 1 - Systembeskrivelse
- SO00588-Opr System 138 - Troll Oljerør 1 - Koordineringprosedyre
- SO00588-Opr System 138 - Troll Oljerør 1- Operasjonsprosedyre
- SO01233 OP-83-01, Troll 1 oljerør landanlegg Mongstad
- SO01233 OP-83-02 Troll 2 oljerør landanlegg Mongstad
- SO01279 Prosessanlegget og Ytre anlegg - Systembeskrivelse Mongstad
- SO01279 Prosessanlegget og Ytre anlegg – Operasjonsbeskrivelser Mongstad

Vedlegg A

Personar involvert i tilsynet.